## Den populære adventskalendaren er i salg.

01.11.2019



Den populære adventskalendaren er i salg. Sjå den i fullformat lengre nede.

**Vi kan trygt utropa skulemusikken sin adventskalendar som den mest populære førjulskalendaren i Uskedalen. I år kjem den for 7. året på rad. Etter at den vart lansert i 2013, har den kvart år vore like populær, og den har sikra spenning og god julestemning i mange heimar. Vi har inntrykk at at den er noko alle må ha medan dei ventar på jula. Den er også viktigaste og stødigaste inntekstiltaket til skulemusikken.**



Når vi kjøper kalendaren støttar vi denne flotte gjengen i skulemusikken.

Også i år er kan Uskedal skulemusikk lokka med mange flotte gevinstar på adventskalendaren sin.  Vi legg merke til at det i år er spesielt mange flotte heimestrikka gevisnstar i tillegg til mange fine og kjekke premiar som dei har fått frå gode støttespelarar i næringslivet,  Vi legg merke til både heimestrikka herregensar, dokke med strikkekle, EU-kontroll, John Deer trøtraktor og bålpanne i tillegg til mange gåvekort og anna gjeve av ulike støttespelarar.

Styret fortel at prisen er den same som alle dei 6 føregåande åra; - 100 kr pr. kalendar. Trekningane vert gort kjent kvar dag frå 1.desember på i notisspalta her på uskedalen.no, og akkurat som dei siste åra kan dei heldige henta gevinstane på Auto 88 AS på Brekketoppen.

Salget av kalendaren starta for få dagar sidan, og salget vil føregå frå 30.oktober til 30.november.  Den er i salg hos Gros Blomster, og i tillegg vil dei unge, flinke musikantane koma rundt på husa og selja.  Kalendaren kan også kjøpast ved å kontakta Monica Hermann, mobil 906 35 493, eller Haldis Aakra, mobil 970 43 869. Dei som ønskjer det, kan betala med Vipps nr.133432.

-Bygdefolket pleier alltid å støtta godt opp om skulemusikken, og det håpar vi dei gjer denne gongen og. Kalendarsalget er svært viktig for drifta av korpset, uttalar styret og legg til at dei er svært takksame for alle dei flotte gevinstane dei har fått. Dei rettar også ei stor takk Kvinnherad Vekst AS for trykking av kalendaren, til Auto 88 AS som står for utdeling av gevinstar og til Gros Blomster som hjelper til med salget.
-Vi er svært takksame for den fine måten vi alltid vert tatt i mot på når vi bed om støtte, avsluttar styrerepresentantane.

Nr. XX

**Uskedal skulemusikk**

# ADVENTSKALENDER 2019

**Pris kr 100,-**
**Salsperiode 30. oktober - 30. november**



**Kunngjering kvar dag i desember på www.uskedalen.no**
**Vinnaren tek med seg kalenderen og hentar gevinsten på AUTO 88, Uskedalen innan 10.01.20**

**TAKK TIL DEI SOM HAR STØTTA OSS MED GEVINSTAR OG TIL DEG SOM STØTTAR USKEDALEN SKULEMUSIKK**

**Kalenderen er trykka av Kvinnherad vekstbedrift**

1. **Julestrikk og tennbrikettar**
1. **Strikkesokkar**
2. **Bok, Frå heim til heim**, Skimtvis forlag
2. **Strikkesokkar**
3. **Lue, Kari Traa**, Sport 1 Rosendal
3. **Strikkesokkar**
4. **Bok, Sjømat på alle fat**, Lerøy Sjøtroll
4. **Strikkesokkar**
5. **Julestrikk og tennbrikettar**
5. **Strikkesokkar**
6. **Spark med nisse**
6. **Bok, Hundestrikk**
7. **Lue, Kari Traa**, Sport 1 Rosendal
7. **Strikkesokkar**
8. **Julestrikk og tennbrikettar**
8. **Sportssokkar og lip balm**, Sport 1 Husnes
9. **Spekepølse**, Friheim Gardsmat
9. **Strikkesokkar**
10. **Produktpakke**, Zjakk frisørsalong AS
10. **Bok, Doktor Haugen**, Skimtvis forlag
11. **Gåvekort 250,-** Brødr. Hjønnevåg AS
11. **Strikkesett, lue og sokkar**
12. **Skrujernsett 249,-** Farge og interiør- Lio Sag & Treforedling AS
12. **Gåvekort 300,-** Brødskreppa
13. **Gåvekort 300,-** Poon Tip's
13. **Dufflel bag, Helly Hansen,** Spar Uskedalen
14. **Gåvekort 300,-** Gros Blomster
14. **Trillebår, born 300,-** Elins matgleder
15. **Produktpakke,** Vitusapotek Husnes
15. **Gåvekort 500,-** Anjas
16. **Produktpakke verdi 420,-** Trend Frisør
17. **Gåvekort 500,-** Rein Hudpleie
18. **Verdikort 500,-** Tysnes Sparebank
19. **Gåvekort 1000,-** Kvinnherad Bygg AS
20. **Herregenser, heimestrikk**
21. **Dokke med strikkeklede**
22. **EU-kontroll, verdi 1249,-** Dimmelsvik Bil AS
23. **John Deere trøtraktor**, Uskedal Eigedom AS, Brødrene Musland Maskin AS og Felleskjøpet
24. **Bålpanne**, Uskedal skulemusikk

Mykje spenning og mange flotte gevinstar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Uskedal skulemusikk